

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 24.02.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Arne Skjelten
SAKA GJELD: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2023/103
STYRESAK: **012/2023**

STYREMØTE: **28.03.2023**

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Førde i møte 27. oktober 2022, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Inger Johanne Sætenes, HR
Nestleiar: Mariann Hundsnes, HTV Fagforbundet
Medlem: Clarence Johnpillai, Ftv Dnlf

Valstyret har fastsett valdagen til den 22. februar 2023. Valstyret har vedtatt at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført val.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval ble sett til 11. januar 2023. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening.

Frist for å komme med valliste var 1. februar 2023. Valstyret mottok ei felles liste frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening.

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. **Lena Thorsnes**, intensivsjukepleiar, Avdeling for Akuttmedisin, Kirurgisk klinikk, FSS. Føretakstillitsvald NSF frå 01.03.2021
2. **Randi Aven**, spesialhjelppeleiar Psykiatrisk klinikk Tronvik. Føretakstillitsvald Fagforbundet frå 01.02.2013
3. **Torfinn Heggland**, overlege Avdeling for Akuttmedisin, Kirurgisk klinikk, FSS. Vara føretakstillitsvald og Hovudtillitsvald FSS, Dnlf frå 01.01.2023.
4. **Kari Sunde Kvile**, sjukepleiar Kirurgisk sengepost, Kirurgisk klinikk, FSS. Vara føretakstillitsvald NSF frå 01.03.2021

Varamedlemmar:

5. **Sylvi Anne Birkeland**, hjelpepleiar ØNH poliklinikk FSS, verneombod.
6. **Ole Magnus Kapstad**, overlege Psykiatrisk klinikk, Psykisk Helsevern.
7. **Oddlaug Lyslo Vereide**, spesialsjukepleiar medisinsk avdeling NSH. Tillitsvald NSF Medisinsk avdeling NSH
8. **Andre Vindedal**, ambulansarbeidar, Lærdal ambulansestasjon, Kirurgisk Klinikk. Tillitsvald Fagforbundet ambulansetenesta
9. **Rune Tilseth**, overlege Medisinsk avdeling, FSS. Tillitsvald Medisinsk avdeling, FSS, Dnlf
10. **Sylvia Rygg**, sjukepleiar ANRR, Medisinsk klinikk, FSS. Hovudtillitsvald NSF Medisinsk klinikk, FSS

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2023, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet vil bli kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg: Protokoll frå valstyret Helse Førde HF 23. februar 2023